



Bjørn Olav Tveit (frå venstre), Arve Opsanger, Ole Torbjørn Holmedal og Peder Sjø Slettebø blir intervjuet av HusnesNett. (Foto: Frode M. Blokhus)

Ole Torbjørn Holmedal i Framstegspartiet gjekk i eit lydintervju med HusnesNett etter skulestrukturmøtet på Husnes inn for nedleggjing av skulen i Uskedalen. Intervjuar Kristian Hus sa at partiet tydelegvis ikkje ville ha nokre endringar i skulestrukturen, men det avviste Holmedal.

Han heldt fram at Frp var for å gjera dei naudsynte investeringane før ungane vert flytta.

Det var i denne samanhengen han sa at Malmanger, Omvikedalen og Uskedalen høver godt saman og at Omvikedalen kan vera ein passende plass for ein felles skule. Der har ein også plass for skuleutbyggjing, meinte han. Uskedalen har ein dårleg skule teknisk sett og her kan ein spara store investeringar ved ikkje å byggja ut, påpeika Holmedal.

Han trekte fram Halsnøyskulen som ein suksess og eit prov på eit vellukka forslag frå sitt parti.

Høyr intervjuet på HusnesNett [her](#)